



Norconsult Norge AS

1303 SANDVIKA

Saksbehandlar	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	2022/4247		08.08.2024

Vedrørende søknad etter pbl § 20-1

I samband med det arbeidet som skal gjerast i LNF-område vart det av Kvinnherad kommune gitt dispensasjon etter pbl § 19 den 31.01.2024. Det vart i denne saka sagt at det er tiltak i området som ikkje var godt nok opplyst på det tidspunktet til at det ikkje var behov for søknad etter § 20.

Viser til sak 2024/4 i Forvaltningsutvalet av 31.01.2024 der det mellom anna stod;

Tiltak som har fått konsesjon er unntatt frå byggesaksbehandling etter PBL, jf. SAK10 §4-3. Tiltak som fell utanfor område H740_1 og H740_2 vil såleis vere tiltaka som er søknadspliktig etter PBL § 20-1.

PBL § 20-6 gir heimel for unntak frå søknadsplikt dersom tiltaket vert behandla etter anna lovverk. Dette for å hindre dobbelbehandling. Dette vil t.d. kunne vere alle byggetiltak på dammane.

Moreneuttak ved Fjellhaugvatnet:

Dette området er urørt og ligg i eit ope landskap, sentralt plassert i samband med utferdsløp i fjellet. Tiltak i dette området vil såleis ligge svært eksponert.

Eit areal på 4400 m² skal dekke eit massebehov på 20 000 m³ morenemasse. Over desse massane ligg torv og veksmassar som skal takast vare på ved mellomlagring og tilbakeføring.

Det er ikkje sendt inn noko profil over terrenget etter at uttaket er gjort, berre ein illustrasjon. For å få ut den mengda det er behov for, må dette uttaket bli mange meter djupt. Visualiseringa som er vist i søknaden av situasjon «sesongen etter at morene er tatt ut av massetaket» er lite informativ og gir ikkje god nok informasjon om det søkket som permanent kjem til å bli i terrenget.

Uttaket vil medføre relativt høge skjeringar spesielt i anleggsperiode. Då er det spesielt viktig med godt sikring mot tilstøytane terreng og stiar.

I søknaden er det vist «mulig utvidelse av moreneuttak» med ei stipla inngrepsgrense. Storleiken av dette arealet er ikkje oppgitt. Indirekte er det såleis søkt om eit større område for moreneuttak enn 4400 m². Uttaket her er søknadspliktig etter PBL § 20-1. Det må ved innsending av søknad visast detaljert informasjon om tiltaket som inkluderer profil etter ferdigstilling og sikring i anleggsperioden og ev etter ferdigstilling.

Dersom det vert behov å utvide moreneområdet slik at dette vil føre til flytting av stien må endringsøknad behandlast.

Midlertidig anleggsveg til foten av dammane ved Staffivatn:

SKL skriv sjølve:

«Det finnes i dag ingen vei til foten av dammene ved Staffivatn. Etablering av adkomst hit er blant hovedutfordringene for rehabilitering av disse dammene.

Nye betongkonstruksjoner og fremføring av tilkomstvei ved damfoten vil sette varige spor i landskapet her lokalt.»

Det er vist to alternativ til vegframføring. Alternativ 1 skal vere i samsvar med ein tidlegare gitt konsesjon og denne vil krevje kryssing av hølén. I alternativ 2 ligg det inne 3 ulike alternativ til første del av vegen. Det er ikkje tatt stilling til kva trase som skal nyttast.

Etablering av veg her er søknadspliktig etter PBL § 20-1. Det må ved innsending av søknad visast kva alternativ som er valt der detaljert informasjon om tiltaket under og etter ferdigstilling er vist.

For at kommunen skal kunne sitte med nødvendig kunnskap om det arbeidet som skal gjerast i LNF-område på dei to stadane som er vist til, vil det vere nødvendig med søknad som viser detaljar av arbeidet som skal utførast. Kommunen reknar med at det i samband med anleggsarbeidet er utarbeidd detaljerte teikningar både av moreneuttaket ved Fjellhaugenvatnet og av kva traseen som skal nyttast til anleggsveg ved Staffivatnet. Omfanget er moreneuttaket med reelle snitt som m.a. viser djupna og korleis anleggsvegen skal utformast. Både moreneuttaket og vegen vil sette varige spor som på førehand må synleggjerast. Dette vil kunne inngå i den søknaden som kommunen vil ha til behandling.

Med helsing

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Sunnhordland Kraftlag AS, Stord

